

## ÅRSMELDING FOR VENELAGET OLAV H. HAUGE 2014 – 2016

Styret har vore samansett slik:

Randi Jåstad, leiar

Audun Lødemel, økonomiansvarleg og redaktør for medlemsheftet

Eivind Berge, skrivar

Annelise Thorbjørnsen, styremedlem

Bjørn Finne, styremedlem

Varamedlemmer:

Torbjørn Austrud

Terje Hjartnes

Kasserar: Anders Kr. Oppheim

Revisor 2014 – 2016: Olav Berge

Valnemnda 2016:

Theresa Wallevik, Unni Solem og Bjørn Bremerthun.

Amboltprisnemnda 2016:

Theresa Wallevik, Per Bjørnar Grande og Inger Lise Belsvik..

Annelise Thorbjørnsen har vore Venelaget sin representant i Hauge-stiftinga.

**Styremøte:** Styret har hatt møte 4 -5 gonger for året. Dei fleste møta har vore lagde til Litteraturhuset i Bergen. Referata frå styremøta er lagde ut på heimesida vår. Dei viktigaste sakene på kvart møte har vore praktisk arbeid i samband med hefta og arrangementa våre. I tillegg har vi freista halda orden på økonomi og medlemsopplysningar.

**Medlemmer:** Pr 1. august 2016 har 267 personar betalt medlemskap for 2016. Vi har gått gjennom medlemslistene to gonger for året for å ajourføra dei og oppdatera adresser og e-postadresser.

### **Samarbeid med Hauge-senteret**

Me hadde eitt samarbeidsmøte med Hauge-senteret i november 2014. I tillegg hadde me eitt møte i 2015 der me vart informerte om arbeidet til senteret, og eitt våren 2016 for å planleggja arrangementet vårt under Posifestivalen 2016.

### **Arrangement:**

«**Kom ikkje med heile sanningi**» i månadsskiftet januar/februar 2015.

Skodespelar Arnhild Litlere sette saman eit program med ulike Hauge-tekstar som ho framførde. Med seg hadde ho musikar Arvid Åsprang. Programmet samla fulle hus på Litteraturhuset i Bergen og Thon hotel Sandven i Norheimsund. På biblioteket på Voss og i ungdomshuset i Odda var frammøtet litt mindre. Folkeakademiet i Hordaland støtta oss. På Voss samarbeidde vi med Voss bibliotek og Voss lyrikklag, i Odda samarbeidde vi med Odda mållag.

## **«Det gjeng an å skriva i kvardagen og» - november 2015- foredrag på litteraturhuset i Bergen og på biblioteket på Voss.**

Doktorgradsstipendiat, forfattar og omsetjar Øystein Hide heldt foredrag der han plasserte Hauge si dagbok inn i den kulturelle saga til dagboksjangeren – heilt tilbake til romartida, vidare via dagbokskrivinga hjå amerikanske nybyggjarar, og heim igjen til våre egne kjende dagbokskrivarar på 1800-talet, Ivar Aasen og Arne Garborg. Godt oppmøte i Bergen, noko færre på Voss.

**«Song, trø lett på hjarta mitt»**, Hauge-program i ord og tonar med Berit Opheim, Sigbjørn Apeland og Erlend Nødtvedt i Elvatun, Ulvik 10. september 2016. Arrangementet er eit samarbeid med Ulvik Poesifest. På dette arrangementet skal Amboltprisen for 2016 delast ut..

Vi har i denne perioden fått noko økonomisk støtte av Bergen kommune, Hordaland fylke og Folkeakademiet til dei ulike tilskipingane. Til programmet 10. september 2016 har vi fått kr 1200 av Hordaland Folkeakademi.

### **Medlemsblad og innhald**

Vi har gitt ut to hefte for året, eitt om hausten og eitt om våren. Artikkane har handla om ulike sider ved forfattarskapen til Hauge. Det har vore lett å skaffa skribentar. Dei fleste som har blitt spurde, har sagt ja. Me har betalt eit lite honorar til kvar skribent. Summen er symbolsk, men det er lettare å spørja folk når ein kan tilby ei lita godtgjerdsløse. I kvart nummer har vi også hatt spalta «Leiaren har ordet» ved Randi Jåstad og eitt dikt av andre enn Hauge. Audun Lødemel har vore redaktør for alle medlemsblada i denne perioden.

### **Skribentar**

#### **i haustnummeret 2014:**

Eivind Bergo, Bjørn Finne, Johannes Gjerdåker, Benedicte Maurseth, Erik Nordstrand.

#### **i vårnummeret 2015:**

Ruth Lillegraven, Torbjørn Ljones, Idar Stegane, Eivind Bergo, Trond Arnesen, Sverre Tusvik

#### **i haustnummeret 2015:**

Ruth Lillegraven, Arne Sørheim, Magne Velure, Einar Økland, Espen Stueland, Arne Skjerven, Reidar Storaas.

#### **i vårnummeret 2016:**

Anna Kleiva, Per Magnus Finnaker Sandsmark, Willy Dahl, Bjørn Finne, Elisabeth Vallevik Engelstad, Sveinung Time, Anne Karin Fonneland, Steinar Bergo.

Dei medlemmene vi har spurt, seier at dei helst vil ha heftet i papirformat, difor har vi gått vekk frå ideen om å gje ut medlemsheftet elektronisk. Det prøvde Venelaget i 2013, men det vart eit eingongstilfelle.

Medlemsheftet er den største utgiftsposten vår. Våren 2015 fekk vi tilskot frå Haldor Opedals minnefond til heftet, elles har vi finansiert dei med medlemspengar. Allkopi i Bergen har stått for trykkinga.

### **Heimesida**

Heimesida *www.venelagethauge.no* har vi ikkje brukt så mykje som vi hadde tenkt. Det er litt tungvint å bruka denne sida, og vi har prioritert Facebook-sida i staden. Vi har prøvt å samla inn e-postadressene til medlemmene og senda ut medlemskriv av og til, men dette arbeidet er vi ikkje komne i mål med, berre om lag 80 medlemmer har sendt oss e-postadressa si til no.

### **Facebooksida**

vår har om lag 1300 medlemmer og blir brukt av mange. Her legg styremedlemmer og andre ut tekstar og bilete, og styret kan og informera om arrangement, bøker, ny forskning mm. Hauge-senteret har også lagt ut ein del stoff på denne sida.

For styret,  
Randi Jåstad

Vikøy, 1. august 2016